



friskt

Liv, helse og vekst
til våre kundar og
vår vakre natur!

Nr 6 | November 2018 | årg. 3

Kundemagasin

Side 4-5

Beste vatn i vest

- Bømlavatnet vant vestlandskonkurransen

Side 6-7

Drikka vatn i naturen

- farleg, eller forfriskande fjellvatn?





Audun Halleraker
Dagleg leiar BVA

Beste vatnet i landet?

BVA vant i haust konkurransen om Vestlandets beste drikkevatt. Dette er me stolte av og me gler oss til finalen når det beste drikkevattet i heile landet skal kårast.

Ei slik utmerking kjem ikkje av seg sjølv. Det ligg mykje hardt arbeid bak og ikkje minst eit tidkrevjande arbeid for å få det resultatet BVA har fått i dag.

Heilt sidan tidleg på 2000-talet har me jobba målretta for at vassreinsanlegga skal fungera optimalt. Då får me produsert meir og meir vatn etter som behova endrar seg, samt ha kontroll på både mengd og kvalitet på vatnet som går i leidningane.

I dag, 15 år etter at BVA vart etablert, kan me stolt syne til at me har det beste drikkevattet på Vestlandet!

Nye krav frå myndighetene gjer at me stadig må fornya oss når det gjeld kvalitet og tryggleik. Samtidig vil me drifta anlegga på den rimelegaste og mest effektive måten.

Me må også fornya oss innan det andre området BVA har ansvar for, avløpet. No er det slik at avløpsleidningane våre ikkje berre leier det som blir spylt ned i vasken

og i do, men også regnvatn blir leia i avløpet i enkelte områder.

Vêret er i ferd med å endre seg og me opplever stadig oftare det som blir kalla ekstremvêr. Me ser vatnet kome opp på plassar der det normalt ikkje skal kome opp og ofte kan det gjere skade på bygningar og vegar.

Alt regnvatnet belastar avløpsnettet unødvendig og me arbeider no aktivt for å leie dette vatnet bort i form av fornying av leidningsnett, kummer og utslitne pumpestasjonar. Mange plassar er dette eit omfattande og tidkrevjande arbeid som innebære blant anna å finne ut kva- og korleis leidningane går i dag.

Liv, helse og vekst til våre kunder og vår vakre natur er visjonen vår. Like viktig er helse, miljø og tryggleik for dei som arbeider med vatn og avløp og når me skifter ut eller bygger nytt, skal desse punkta ha betydning for kva løysningar som blir valt.

Me i BVA ønskjer deg og dine ei god adventstid og ei fredleg julehøgtid!

Audun Halleraker
Dagleg leiar



Vår visjon er:

Liv, helse og vekst til våre kundar og vår vakre natur.

«FRISK» | Kundemagasin utgjeve av Bømlo Vatn og Avløpsselskap AS
Ansv. red. Audun Halleraker
Design & tekst: Synleg AS
Foto: Vegard Røsland
Distribuert til hushaldningar i Bømlo.



Framsida-bilde: Hilde Nordtun
Alvsvåg på Siggjo. Med Bømlavatn på flaska.



Investeringar som sikrar vatn

Fleire vassverk i Norge gjekk tom for vatn i sommar. Det at bømmlingane var flinke til å respektere vatningsforbodet og at vassleidningsnettet er godt vedlikeholdt gjorde at me hadde nok vatn.

BVA har gjort mykje får å få ned lekkasjane på vassnett, frå ca. 60% i 2010, til ca. 21% i fjor.

- Me hadde garantert gått tom for vatn om me ikkje hadde utbetra nettet vårt, seier Odd Petter Habbestad, prosjektleiar i BVA.

Kontinuerleg overvaking

I dag ser BVA etter lekkasjer ved å kontrollere nattforbruket i om lag 50 ulike soner på Bømlo. For å få enno betre oversikt blir det no installert eit system som gjev kontinuierleg overvaking av forbruket i sonene.

Det gjer at BVA enno tidlegare kan oppdaga og utbetra lekkasjar på nettet. Bømlo er saman med Stavanger av dei første kommunane i landet som tek i bruk slik teknologi.

Investeringar og utbetringar

Odd Petter fortel vidare om kva som skjer på plan-, investerings- og vedlikeholdssida. Det har i det siste vore arbeid i fleire område, og det ligg planar føre om opprustingar i Hollundsdalen, på Ekornseter og strekninga Naustbakken-Serklaug.

På Vorland blir det lagt opp ny vassforsyning til Hovlandshagen og Vorlandsvågen.

Dette gir betre kapasitet og mulighet til å forsyne fleire med vatn.

Vassbehandlingsanlegget på Langevåg får eige utslepp, slik at spylevatnet som blir brukt til å reinse vassfiltera, går for seg sjølv. Det gjer

at ein slepp å pumpe slikt vatn rundt i avløpsnett.

Rehabilitering av VA-nettet

Dei siste månadane har BVA fått utbetra vass- og avløpsnett i området mellom Bømlo helsehus og Svortland Sør. Det har kome mange nye hus og institusjonar sidan Bømlotunet stod nyoppført i «markja» på Leite i 1975.

Utbetringane har gjort vassstilførselen, og dermed brannberedskapen, betre. I tillegg

er avløpsleidningane blitt lagt om, slik at dei no går på sjølvfall. To pumpestasjonar er fjerna og det reduserer løpande driftskostnader.

Ny teknologi gir nye moglegheiter

- Entreprenøren har brukt ny teknologi og bora hol til avløpsleidningane i fjell seier Steinar Halleraker, kontrollør i BVA. No er avløpet på sjølvfall, og det går i fjellet under fleire hus. - Med å gjera det på denne måten har me fått bort pumpestasjonane og prosjektet blei gjennomført raskare enn om me måtte grava, seier han.

Kvar gong me opnar kranen heime, og kvar gong me dreg i snora, så skal det virka. Steinar seier slik skal det vera. Det er ikkje lett å skjønna kvar det kjem i frå eller kvar det går, men BVA har oversikta på det som er under bakkeplan.

Det skal virka - og det skal vera fint

- Me arbeider mykje på andre sine eigedomar, og difor er me opptekne av at det er planert, stelt og fint når me har fullført eit prosjekt, seier Steinar.

Han peiker ut over anleggsområdet der gravemaskinane nett har avslutta gjerninga si. Me skjønner at her blir det eit fint grøntområde når våren kjem.



Beste vatn i vest!

Bømlavatnet er friskt, reint og godt - og no er det kåra til det beste vatnet på Vestlandet!

I september 2018 kåra ein uavhengig jury vårt vatn til det beste på Vestlandet i klassen for overflatekjelder.

- Dette er veldig kjekt! Me jobbar kvar dag for å levera god kvalitet på vatnet, seier dagleg leiar i BVA, Audun Halleraker.

Det var 14 vassverkskandidatar frå Vestlandet som deltok i landsdelskåringa av «Norges beste drikkevatt». Konkurransen er arrangert av Norsk Vann og Norsk kommunalteknisk forening.

Tett i teten

Juryformann Johan P. Nilsen seier til kommunalteknikk.no at det var veldig godt drikkevatt hos alle kandidatane. Sjølv om det var veldig jamn konkurranse blant kandidatane på overflatevatn, så var det ein einstemmig jury som kåra Bømlavatnet til vinnar.

Bømlavatn er ferskvare

Vatn er ferskvare og er ute hos kundane

våre i løpet av 14-35 timar etter det er produsert. Det er den same, høge kvaliteten anten me drikk det, dusjar i det eller vaskar terassen med det.

Drikkevassforskrifta set strenge krav til korleis kvaliteten skal vera på godt drikkevatt. Vatnet BVA leverer tilfredstillende desse krava, og det vert årleg teke kring 1.200 prøvar av vatnet rundt om på utvalde stader på leidningsnettet til BVA.

Prøvane blir analysert av uavhengig laboratorium for å avdekke eventuelle feil med vasskvaliteten. Så vatnet du får i springen frå BVA er trygt og godt.

Landsfinale

Den 5. mars tek BVA med seg Bømlavatn til den store landsfinalen for å konkurrere om tittelen «Norges beste drikkevatt».

Her møter Bømlavatnet 8 andre kandidatane som har vunne prisen i sin region. Då skal ein kjempa mot vatn frå Bykle på Sørlandet, Høyanger i Sogn, Surnadal på Nordmøre, Frøya i Trøndelag og Alstahaug i Nordland. Dei siste tre kandidatane var ikkje klare då «Friskt» gjekk i trykken.

Dei tilsette i BVA syter for at alle som er tilkopla det offentlege vassnettet alltid har friskt Bømlavatn tilgjengeleg.

Trur på Bømlavatnet

- Det er tøff konkurranse, og mange jobbar hardt for å levera det beste vatnet i landet, seier Audun.

Han er ikkje i tvil om at Bømlavatn kan vera i toppsjiktet også på landsbasis, men presiserer at det viktigaste for BVA er at kundane er fornøgd med vatnet dei betaler for.

- Det er kundane våre me jobbar for, og tilbakemeldingar tyder på at bømblingane er nøgd med vatnet. Denne kåringa tek me med oss vidare som ei fjør i hatten og ein klapp på skuldra. - Eg er stolt over gjengen i BVA, og jobben dei gjer, avsluttar han.



Dei 14 vestlands-kandidatane:

Karmøy kommune:

- Brekke vannbehandlingsanlegg

Bømlo Vatn og Avløp AS:

- Bømlo vassverk

Eigersund kommune:

- Eigersund vannverk

Haugesund kommune:

- Haugesund vannverk

Hjelmeland kommune:

- Hauskje vannverk

Kvam kommune:

- Kvam vassverk

Sund Vatn og Avløp AS:

- Kørelen vassverk

Ullensvang kommune:

- Legena vassverk

Vindafjord kommune:

- Sandeid vassverk

Odda kommune:

- Skare vannverk

Haukeliffjell (Vinje kommune):

- Tyrvedlid vassverk AS

Forsand kommune:

- Vassryggen

Voss kommune:

- Vossevangen vassverk

Kvinnherad kommune:

- Ølve og Hatlestrand vassverk



Det finst mange ulike typar og leverandørar av tilbakeslagssikringar. Her er eit eksempel på ein av dei mange som BVA har i sitt nett.

Krav om tilbakeslagssikring

Eigarar av næringsseigedomar må ha tilbakeslagssikring på vassinntaket sitt. BVA gjennomfører no ei kartlegging for å få oversikt over kva sikringstiltak dei ulike eigedomane har.

Ein tilbakeslagssikring er ei innretning som hindrar vatnet i å renne ut av huset, i staden for inn. Dette kan skje dersom ein ikkje har sikring og det blir eit trykkfall på det offentlege vassnettet (til dømes ved leidningsbrot).

Kartlegginga til BVA gjer at ein får betre oversikt og er trygg på at næringsseigedomane er sikra på rett måte. Mange har fått tilsendt brev frå BVA og det er berre å melde inn kva type sikring ein har. Dersom ein ikkje har sikring installert, vil brevet vera ei god påminning om at dette er pålagt. Det er vedtekte endringar i drikkevassforskrifta som er årsaka til at BVA gjer denne kartlegginga no.

Det er ulike krav til tilbakeslagssikringen, alt etter kva næring ein driv. Meir informasjon og rettleiing er å finna på bva.no/tilbakeslagssikring. Ta kontakt med din lokale røyrleggjar for å få hjelp med vurderingar og installasjon.



Drikka vatn i naturen?

«FRISK» tek ein tur opp på Siggjo. Me møter mange folk på vegen, og me spør om dei drikk vatn rett frå naturen.

- Ja, det er heilt trygt, seier fleire me møter.
- Så lenge det er rennande vatn, er det trygt å drikka vatn i naturen. Det er i alle fall det me har høyrte frå me var små.

Å få leska seg med friskt vatn rett frå kjelda, er ein stor del av natur-opplevinga for mange. Og vatnet ser svært innbydande og reint ut. Men er det trygt?

Legar advarer om fjellvatn

Den første myta kan me stadfesta: Vatn som er i rørslar er tryggare å drikka enn stilleståande vatn. Dette skuldast at med auka vassutskifting reduserer risikoen for bakterieoppblomstring. Men du kan ikkje rekna med at det alltid er trygt.

Legar advarer og seier at avføring frå beitedyr, døde fuglar, mus, lemen og andre smågnagarar kan gjera vatnet farleg å drikka. Kadaver og avføring kan gjera vatnet ureint lengre opp enn ein har oversikt, og dermed er det ikkje alltid lett å vita.

Tryggare på Bømlø?

Me tok ein prat med kommuneoverlege Kjersti Helen Follesø for å få lokale råd.

- Du bør vera varsam med å drikka frå bekkane på Bømlø, seier ho. Sidan me er i «låglendet» (enno me synst det er høgt opp på Siggjo!), så har me mindre vassføring og befolkninga er tettare på naturen her enn i fjellet.

- Sjølv drikk eg fjellvatn, men eg vil vera varsam med å drikka ureinsa Bømløvatn. Vurder omgjevnadane og drikk berre om du er tørst og vurderer risikoen som liten.

Legen seier ho sjeldan får meldingar om personar som er sjuke, der årsaka kan vera forureinsa vatn. Så problemet er nok ikkje så stort, men det hender.

- Personar som har nedsett helse, bør vera ekstra varsame, og berre drikka vatn som er forskriftsmessig reinsa, som vatnet frå BVA, seier ho.

Oppmodar til meir bruk av naturen

Anne Beth Njærheim er folkehelsekoordinatør på Bømlø og oppmodar oss til å bruka naturen meir. - Det gjev både

energi og gode opplevingar, det å vera ute i friskluft, seier ho engasjert.

- Når det kjem til vatnet, så har me god score på dei offentlege vasskjeldene våre i folkehelseundersøkinga. Vatnet som er reinsa og kjem frå BVA er godt og friskt.

Ho seier at ein bør følgja råda som Mattilsynet og kommuneoverlegen gjev oss.

Kva kan skje?

Vatn i naturen som ikkje er behandla kan ha både bakteriar, virus, parasittar og sopp. Tarmbakteriar (t.d. e.coli) og harepest er dei vanlegaste årsakene til sjukdom. Desse kan gje oss både magesjau, feber, oppkast og halsbetennelse.

For normalt friske menneske er det svært ubehageleg, men det går som regel over av seg sjølv. Personar som er smitta av harepest vert behandla med antibiotika.

Konklusjonen

Så for å konkludera: Mange drikk av vatnet rett frå naturen på Bømlø utan å bli sjuke. Men det betyr ikkje at det er tilrådeleg. Du veit no kva som kan skje - og det beste rådet frå legen er: fyll opp flaska med reint og friskt Bømløvatn før du går heimefrå!



Gode tur-råd

Mattilsynet og Folkehelseinstituttet har laga ei liste med gode råd for deg som vil drikka av vatnet i naturen:

- sjå deg rundt!
- drikk ikkje vatn i område med mykje smågnagarar, fuglar eller beitedyr.
- drikk ikkje vatn frå små vatn, elvar eller bekkar
- dersom det er kadaver eller restar av døde dyr i nærleik av vatnet, må du ikkje drikka vatnet. Ver også varsam med bading.
- vatnet kan drikkast om det vert kokt eller desinfisert på anna måte



Kjelder: Folkehelseinstituttet og Mattilsynet.

Endringar i fargen på vatnet

Syns du vatnet i naturen såg reinare ut før? Du har heilt rett, det er faktisk ein av dei tinga som var «betre før».

Den synlegaste forskjellen på drikkevasskjelda som er open i naturen, og det vatnet som kjem ut av springen din heime, er fargen. Vatnet heime er blankt, reint og tiltalende – medan vatnet i naturen har ein brunleg tone. Det som gjer det brunt kallar me humus – mold, torv, myr og liknande.

Når planter visnar og rotnar, blir dei om-danna, slik at energien og det verdifulle blir teke vare på i krinsløpet. Humus er det organiske stoffet som jordorganismane ikkje kan gjera seg nytte av, og som er igjen i jorda.

Tilgroing, klimaendringar og periodar med mykje nedbør gjera vasskjeldene våre meir humushaldige. Dette gjer vassbehandlinga meir omfattande og reduserer produksjonskapasiteten vår, fordi det tek lengre tid å produsere vatnet. Så ironisk nok kan mykje regn gjera at produksjonskapasiteten går ned!

Sidan 90-tallet har målingane av humus i vatn («fargetal») vist auke i heile landet. Nokre kjelder i Oslo viser tredobling, og hos oss ser me same tendensane. Då vassbehandlingsanlegget i Åreiddalen blei bygd på nittitalet var det rekna med fargetalverdiar i vasskjelda på under 20 mg Pt/l. I dag ligg verdiane i alle kjeldene våre på mellom 30 og 40.

Humushaldig vatn har ingen kjente direkte helsemessige konsekvensar, men påvirkar kvaliteten på vatnet på lukt og smak. Me skal levera like godt vatn til deg i framtida, som i dag. Så dersom auken i fargetal held

fram enno meir, betyr det meir omfattande reinsing og kanskje me må gjera større justeringar på vassbehandlingsanlegga våre.

Me i BVA jobbar med løysingar som kan effektivisera og forbetra produksjonen av vatn. Difor tek me blant anna i

bruk ny og smartare teknologi (sjå side 3), og testar ut nye måtar å filtrere vatnet på (sjå s. 10).

«Mykje regn kan gjera at produksjonskapasiteten går ned!»





Frøken Fryd

- lys i vindauga på Moster

Sjå føre deg ei støvsky som bles gjennom ein landsby med tomme hus og butikkar, svarte vindu, berre forfall. Som i ein klassisk western-film... Moster?

Janne Pedrikke Hamre ler, seier «Neida!», og heller kaffi i koppen til oss som kjem frå «Friskt». Ho fortel om bakgrunnen til Frøken Fryd på Moster, og det er ikkje berre tull det ho seier.

For det var trist å køyra gjennom sentrum for nokre år sidan, før Moster Elektro flytta inn og Sento vart pussa opp. Janne Pedrikke drøymte om liv i sentrum og ein stad der folk kunne samlast.

Spranget

Som barnevernspedagog med trygg jobb i NAV var spranget stort til å setja draumen ut i live. Men nokon kviskra ho i øyra om at ho ikkje var den einaste som bar draumen. Ho heiv seg over telefonen til Jane Pedersen og spurte om dei skulle vera kompanjongar. «JA!», sa Jane, «men i kva?».

Dei var innoom fleire idèar, deltok på gründersamlingar og fekk rettleiing frå Nærings- og utviklingssjefen i Bømlo Kommune før dei bestemte seg; butikk med gåve- og interiørartiklar, blomar og planter.

Noko for alle

Hos Frøken Fryd kan du finna mange skattar. Dei følgjer med på trendane og har skapt ein butikk som er både trendy og koseleg samstundes.

Dei sel i hovudsak blomar og planter, men har òg kransar, lampar, krukker, vasar, krus, garn og anna strikkeutstyr, tøflar og paraplyar med eige trykk.

Målet er at alle skal finna noko dei har lyst på her, anten det er til seg sjølv eller nokon dei er glad i, til ein overkommeleg pris. – Me brukar god tid på å pakka inn, seier Jane. – Den som får gåva skal sjå på innpakkinga at gåva er kjøpt hos Frøken Fryd, for det er jo ei fryd å få ei fin gåve frå nokon!

Bømlingane stiller opp

Dei fortel vidare at sjølv om butikken er på Moster, så er det mange som tek turen frå andre stader på Bømlo for å handla.

Jane meiner det er viktig for butikkane på Bømlo å snakka saman og samarbeida der dei kan. Sjølv sender dei mange vidare til Stoffbua som har eit større utval av garn og hobbyartiklar.

Kompanjongane oppfordrar bømlingane til å handla lokalt. Dei seier at det er fleire gode interiørbutikkar på Bømlo som har høg kvalitet på produkta og som gir god ein-til-ein service.

Lokalpatriotisme og konkurranse

Etter vel fire år i drift innrømmer Janne Pedrikke at det å drive ein liten butikk er beinhardt arbeid, og seier spøkefullt at ho enkelte netter berre let att det eine auga når ho søv.



Foto: Vegard Røstland

Då dei starta vart dei møtt med forståing frå Kiwi på Moster om at det var naturleg for matbutikken å ta inn færre blomar, slik at dei som gode naboar unngjekk å trø kvarandre i beda.

- og godt samarbeid!

Alternativet er ikkje bra for nokon av dei. Då blir det handelslekkasje, og dersom kundane reiser ut av kommunen for å handla interiør og planter, ja så tek dei ofte vekeshandelen der òg.

Godt samarbeid med Kiwi og andre bedrifter på Moster er essensielt og butikkeigarane håpar at ein tek omsyn til kvarandre i tida som kjem også.

– Mostringane er flinke til å handla hos oss, avsluttar Janne Pedrikke, og er takknemleg for responsen. Saman med kundane har dei skapt ein butikk som gir liv i sentrum på Moster.



God (feittfri) jul!

No fyllast butikkane med julepynt, og snart heng me opp lysande stjerner i vindauga heime, fyller skålene med klementinar og julekjeks.

Det er tid for juleavslutningar og julebord. Saftig pinnekjøtt, ribbe og andre gode middagar skal lagast og nytast. **Men kva gjer du med feittet som ligg att i kasse- rollane etterpå?**

Avløpet tek villig i mot feittet anten du kaster det i vasken med ein god dose vaske- middel, eller om du tømmer det i do.

Men det som skjer i avløpet, det me ikkje ser, kan få store konsekvensar. I verste fall kan avløpsrøyra dine tetta seg slik at kloakken går feil vei i jula... For å unngå dette kan du følgja tipsa nedanfor.

Slik kan du kvitta deg med matfeitt:



– Etter julemiddagen avkjøler du feittet så det stivnar. Skrap det ut og tørk med kjøkkenpapir. Kast feitt og papir i bioavfallet.

– Større mengder flytande olje heller du i ein tom mjølkekartong, teip den igjen og kast den i restavfallet.

– Når du steikjer middag, så gjer det til ein vane å alltid tørke av steikepanna med kjøkken- papir når du er ferdig. Då er det også lettare å vaske den etterpå.

– Smultringbaking kan gje deg ein stor rest med matfett. Hiv det i bioen, eller hell det i ein mjølkekartong, ha i solsikkefrø, havregryn, mandlar og hasselnøtter og vips så har du julemat til småfuglane! Lag nokre hol i kartongen og stikk i ein pinne dei kan kvile seg på, før du heng det ut.

Foto: Shutterstock



Vatn reinsa gjennom stein

Du veit korleis eit kaffifilter ser ut, og du veit kanskje at bilen treng å bytta oljefilter på service. Men kva filter er det som reinsar vatnet vårt?

Frå gulbrunt vatn til friskt Bømlavatn
Vatnet som kjem inn på vassbehandlingsanlegga har ein ulekker farge - berre sjå på bildet til høgre. Det må reinsast, og på Bømlø reinsar me gjennom filter og desinfiserer med UV-lys.

Filtermassen må vaskast

Etter at ei viss mengd vatn har rent gjennom filteret vert det tett. Då må det spylast og det blir difor brukt reint vatn til å vaska filteret med. Me spylar så lite som mogelig og så ofte som nødvendig.

Denne prosessen er automatisert, så det går på kvaliteten i vatnet, og ikkje berre etter ei fastsett tid.

Byttar filtermasse

Innhaldet i vassfiltera på Bømlø er ulike mineral og bergartar: antrasitt (kol), kvarts, marmor og singel. Det siste halvåret har me i BVA gjort forsøk med å bytta ut det øvste laget med ein ny type, som liknar

på lecakuler. Dei har mykje større overflateareal og kan difor ta til seg mykje meir humus og alt anna me ikkje ønskjer å ha i drikkevotnet vårt.

Sparar straum og vatn

Forsøka har vore vellykka og har auka tida mellom kvar spyling frå ca 20 timar til over 50. Dersom dette fungerer på alle reinseanlegga betyr det at produksjons-

kapasiteten aukar og BVA sparar både straum og vatn.

Med andre ord: Me kan laga meir friskt Bømlavatn, for mindre ressursar.



Privat vasskjelde?

Mattilsynet skal no ha oversikt over vasskjelder som forsyner meir enn ein husstand. Sjølvregistreringa er kjapt gjort.

Mange på Bømlø med egne kjelder

På Bømlø leverer BVA vatn til om lag 93% av bømlingane. Resten har private kjelder, enten det er frå brønnar, tjern eller grunnvatn. Kvaliteten på dette vatnet kan vera varierende, og kommunane har heller ikkje hatt noko felles oversikt over kvar husstandane får drikkevotnet sitt frå.

Pålagt god kvalitet

Når minst to husstandar deler på eit privat anlegg, vert det kalla for eit «lite vassforsyningssystem». Også hus med utleigedel er to husstandar.

Anlegga er no pålagt registrering og det er krav om prøvetaking av drikkevotnet. Dette er for å sikra tilstrekkeleg kvalitet på vatnet, slik at ein ikkje blir sjuk.

Fleire fordelar

Astrid Dale i Mattilsynet i Sunnhordland seier at det på Bømlø er registrert 5 små vassforsyningssystem, og på landsplan er det nesten 3000.

Med å få alle kjeldene registrert får kommunane ei heilskapleg geografisk oversikt og kan ta hensyn til vassforsyningssystemet i arealplanlegging av området rundt kjeldene.

Kommunane får vurdert drikkevasskjeldene på eit tidleg tidspunkt og Mattilsynet kan sjå til at drikkevasshensyn vert ivareteke.

Privat eigarskap og ansvar

BVA har ansvar for det offentlege nettet på Bømlø. Private vassforsyningssystem er det den enkelte eigar som står ansvarleg for.

Mattilsynet er tilsynsmynde, og Astrid seier dei gjerne rettleier eigarar som har spørsmål.

Enkelt å registrera seg

– Fristen for registrering var satt til 1. juli, sier Astrid. – Men om det er nokre som ikkje har fått registrert seg enno, så ber me dei gjere det snarast. Det er nok ikkje alle som har fått med seg kravet om registrering, og det blir ikkje noko form for reaksjon sjølv om ein er seint ute.

«Registreringa gjer du i løpet av nokre minutt, medan du sit i godstolen»

Astrid Dale,
Mattilsynet.

– Det er eigar av vassforsyningssystemet, t.d. ein brønn, som er ansvarleg for at registreringa vert gjort, seier ho. Mattilsynet har gjort registreringa så enkel som mogeleg.

– Registreringa gjer du i løpet av nokre minutt, medan du sit i godstolen. Skjemaet finn du på mattilsynet.no, og det er enkelt og mobiltilpassa. Der registrerer du plasseringa til vassforsyningssystemet i eit kart og svarer på nokre spørsmål. Det er viktig at alle registrerer seg, slik at Mattilsynet får oversikt over dei livsviktige drikkevasskjeldene.

Vann-vittig :-)

Kona kom heim til mannen sin og sa:

– Kjære, bilen vil ikkje starta, men eg veit kva som er problemet.

– Jaha, sa mannen tvilande. Og kva er så problemet?

– Det er vatn i forgassaren, sa kona.

– Vatn i forgassaren? svarte mannen.

– Korleis i all verda kan du seia at det er vatn i forgassaren, du som ikkje veit forskjellen på forgassar og luftfilter?

– Tru meg, sa kona, det er vatn i forgassaren!

– Ja vel, kjære, eg skal ta ein kikk på den. Kvar er bilen?

– I Øklandsvatnet, svarte kona....



Bømlø Vatn og Avløpsselskap AS

Org. nr. 985 228 825

Pb 214, 5445 Bremnes

Besøk: Hollundsdaalen 21

Tlf: 53 42 88 40

Vakt: 53 42 88 45



friskt

Jan Ottar Hope, Rengin Zeibar og Morten Andreassen jobbar på vassbehandlingsanlegga til BVA. Dei viser fram flasker med ulike filtermasse.